



Åmli kommune

Pleie- og omsorg

SERVICEERKLÆRING

Avlastningsopphald i institusjon

Kommunane har ansvar for å leggje til rette for meistring av sjukdom og nedsett funksjonsevne og sikre at den enkelte får moglegheit for å leve og bo sjølvstendig. Helse- og omsorgstenestene skal være forsvarlege, heilskapleg, koordinerte, verdige og tilpassa den enkelte sitt behov (Helse og omsorgstenesteloven § 1.1 og § 4.1).

MÅLSETTING:

- Gje deg som yter omsorg for andre i eigen heim ein moglegheit til å få nødvendig og regelmessig fritid og ferie samt kunne bevare gode familierelasjonar og sosiale nettverk
- Gje pasient som får avlastningsopphald nødvendig bistand og oppfølging, for å førebygge funksjonsfall og auke meistring
- Tenesta skal bidra til å gi tryggleik og kontinuitet, og avlaste pårørnde slik at de kan klare å ivareta omsorgsoppgåver i heimen lengst mogleg

KVEN KAN SØKE?

- Alle som oppheld seg i kommunen og som har behov for nødvendig helsehjelp.
- Også pårørnde, sjukehus, fastlegar og verje kan søke på vegne av nokon

KVA SLAGS TENESTER KAN VERA AKTUELLE?

Tenester som er aktuelle under opphaldet er avhengig av kva helse-utfordringar pasienten har, t.d.:

- Råd og vegleiing om behandling og førebygging av sjukdom
- Oppretthalde funksjonar for å kunne ivareta egen helse
- Tryggleik og trivsel, sosialt samvær og livsgledetiltak
- Individuell omsorg og pleie
- Næringsrik og individuelt tilpassa ernæring
- Tilsynslege
- Medikamenthandtering
- Laboratorietenester
- Støtte og vegleiing til pårørnde

KVA KOSTAR TENESTA?

Avlastningsopphald er gratis



Åmli kommune

Pleie- og omsorg

KVA KAN BRUKAREN FORVENTA AV KOMMUNEN?

- Vi møter deg på en respektfull måte
- Teieplikta vert respektert
- Du blir tildelt primærkontakt
- Du møter personale med god kompetanse
- Du blir sett og høyr
- Personlig samtale etter behov
- Vi gir fortløpande informasjon om din helsetilstand og tenestene som sjukeheimen tilbyr
- Vi tilbyr deg deltaking på kultur- og aktivitetstilbod som arrangerast
- Vi utarbeider en tiltaksplan som er spesielt tilpassa dine behov

KVA FORVENTAR KOMMUNEN AV BRUKER/PÅRØRENDE?

- Du samarbeider og møter den enkelte tenesteytar med respekt
- Du informerer oss om kva som er viktig for deg
- Du seier i frå til oss dersom det er noko du ønsker å ta opp
- Du godtar at hjelpemidlar blir tilpassa og nytta
- Du deltar aktivt i behandlingstiltaka og gjer det du sjølv kan klare
- Du respekterer at tenesteytarar er underlagt teieplikt

TENESTEN OMFATTER IKKJE:

- Det ytast ikkje hjelp til funksjoner som brukar kan klare sjølv
- Frisør
- Fotpleie
- Handtering av pengar, bank- og posttenester
- Transport og følge til timeavtaler sjukehus, tannlege, optikar etc, dette må brukar sjølv eller pårørande ordne

KORLEIS GÅ FRAM FOR Å SØKE?

Du søkar på tenesta sjølv, eller nokon søkar på vegne av deg t.d. sjukehuset eller pårørande. Det finnst eige [søknadsskjema](#) til dette på kommunens heimeside og søknaden sendast til tenestekontoret.

- Tenestekontoret kontaktar deg for eit kartleggingsbesøk, vurderer og tildeler tenesta
- Du må ha behov for avlastning pga omsorgsoppgåver i heimen
- Det kan og bli vurdert avlastning i eigen heim
- Sjekk også [tildelingskriteriene](#) i kommunen på heimesida
- Du kan klage på tildelt teneste, dersom du ikkje er nøgd



Åmli kommune

Pleie- og omsorg

KONTAKTINFORMASJON:

Tenestekontor

E-post tenestekontor@amli.kommune.no

Telefon [90 13 59 98](tel:90135998)

Mobil [90 13 59 98](tel:90135998)

Avlastningsopphald:

Sjå kommunens [heimeside](#) for meir informasjon